



**SUND KOMMUNE**

Rådmannen

Hordaland Fylkeskommune

05 MAI 2014

Hordaland fylkeskommune  
Samferdselsavdelinga  
Postboks 7900  
5020 BERGEN

Sakshands.: GIS

Vår ref.: 12/648-7

Dykkar ref.: 2014/8 Dato:29.04.2014

Direktetlf.: 56327558

Arkiv: N-104.5

## SØKNAD OM TILSKOT TIL UTARBEIDING AV TRAFIKKSIKRINGSPLAN

Eg viser til Dykkar brev datert 13.02.2014.

Sund kommune vil med dette søkja om kr. 50.000.- til arbeidet med rullering av kommunen sin kommunedelplan for trafikksikring. Tilskotsmidlane vil verta nytta til konsulenthjelp og layout/trykking av plandokumentet.

Sund kommune har fylgd opp «Hovudplan for trafikksikring 2006-2015» med gjennomføring av mange tiltak. Dels fordi mange av tiltaka er gjennomførte – og dels fordi ein del føresetnader har endra seg, har kommunen vurdert at det er behov for å rullera trafikksikringsplanen no. Sund kommunestyre har innarbeidd ei slik rullering i sin planstrategi.

Målet var å koma i gang i 2013, men no ser det ut til at planarbeidet for alvor kjem i gang hausten 2014. Målet er at planen kan verta godkjend av kommunestyret før valet i 2015.

På same måte som då gjeldande plan vart utarbeidd, vil kommunen leggja opp til stor grad av lokal medverknad. Vidare vil me knyta til oss kompetanse frå Trygg Trafikk, Politiet, Statens Vegvesen og Hordaland Fylkeskommune. Me har gode røynsler frå tidlegare samarbeid med desse samarbeidspartnarane.

Me vonar på velvillig handsaming av søknaden vår.

Med venleg helsing

Gerhard Inge Storebø  
Leiar stab

Vedlegg: Budsjett og prosjektspesifikasjon

Adresse:  
Postboks 23  
5371 SKOGSVÅG

Tlf.: 56 32 75 00  
Fax.: 56 32 75 01  
E-post: postmottak@sund.kommune.no

Org.nr.:  
964 338 809

Giro:  
3470.09.50850

Giro skatt:  
78550512458